

## Retningslinjer – Mobilitetsstipend for utanlandsopphald i forskarutdanninga

Vedtatt av prorektor for forskning 28.1.2022. Revidert av prorektor for forskning 3.2.2023

### ***Om mobilitetsstipendet***

Ordninga med mobilitetsstipend er ei felles ordning som skal sikra at stipendiatar har like moglegheiter for utanlandsopphald i forskarutdanninga. Ordninga vert handsama av fakulteta, og det er såleis fakulteta som handsamar søknader og budsjetterer utgiftene. Mobilitetsstipend vert oppretta frå og med 2022 og gjeld til dess anna vert vedteke.

Gjennom stipendordninga ønskjer HVL å stimulera til utanlandsopphald både for å fremja internasjonal erfaring for stipendiatane og byggja kvalitet i doktorgradsprogramma.

Det kan søkjast om stipend for lengre forskingsopphald ved ein forskingsinstitusjon i utlandet. Det vert gitt støtte til opphald der formålet er å delta i fagleg aktivitet som vil styrka søkjaren sitt ph.d.-prosjekt. Opphaldet skal bidra til internasjonal nettverksbygging og auka samarbeid med utanlandske forskingsmiljø for HVL.

Utanlandsopphaldet må vera minimum 3 månader og det kan søkjast om stipend for å dekkje meirutgifter for 3 månader. Opphaldet må avsluttast minst 6 månader før sluttdato for tilsetting som stipendiat. Utanlandsopphald som er lengre enn 3 månader får berre støtte til dei 3 fyrste månadane. Resterande opphald må dekkjast av andre finansieringskjelder (t.d. driftsmidlar)

Ordninga gjeld ikkje for kortare reiser i samband med t.d. deltaking på kurs, konferansar, seminar, og feltarbeid då stipendiatane sine driftsmidlar skal kunne nyttast til slike reiser (jamfør [Retningslinjer for bruk av driftsmidlar](#)).

Merk:

- Den som søker bør ha undersøkt andre finansieringskjelder. Andre finansieringskjelder vil til dømes kunna støtta lengre utanlandsopphald. [Ph.d.-handboka gir informasjon ulike finansieringskjelder for utanlandsopphald](#)
- Det er mogleg å kombinere mobilitetsstipendet med andre stipend, f.eks. frå [Erasmus+](#), så lenge det ikkje medfører dobbelfinansiering av opphaldet.
- Viss driftsmidlar vert brukt for å forlenga eit utanlandsopphald som er finansiert av mobilitetsstipend ved HVL, gjeld same retningslinjer som for mobilitetsstipendet.

### ***Kven kan søkja?***

Ordninga gjeld i utgangspunktet for HVL-finansierte stipendiatar som har opptak i doktorgradsprogram ved HVL eller opptak i doktorgradsprogram ved ekstern institusjon. Det vert ikkje gitt stipend til postdoktorar eller andre grupper tilsette ved HVL.

Stipendiatar finansiert av NFR, inkludert ph.d.-kandidatar med finansiering frå NFR sine ordningar «Offentleg sektor ph.d.» og «Nærings ph.d.», må søkja NFR om støtte til utanlandsopphald.

Ordninga opnar for at eksternfinansierte stipendiatar som er tilsett ved HVL kan søkja, men berre dersom ekstern finansieringskjelde ikkje gjev støtte til utanlandsopphald.

Søklar skal i utgangspunktet vera tilsett ved HVL. Fakulteta kan gjera unntak for dette. Ved eventuelt utbetaling av mobilitetsstipend til ph.d.-kandidat med ekstern arbeidsgivar må det lagast ein særskilt avtale med arbeidsgivar om sluttoppgjer etter utanlandsopphaldet.

### ***Kva/kor mykje kan det søkjast om?***

Mobilitetsstipendet skal dekkja utgifter til 1) reise (billegaste reisemåte) og 2) etablerings- og meirutgifter ved opphaldet etter Forskringsrådet sine satsar for utanlandsstipend. I 2021 var satsen 20 000 kr per måned for opphald utan familie og 36 000 kr per måned for opphald med familie. Merk at desse satsane kan brukast som utgangspunkt for søknadsbeløp i søknaden, og er meint å dekkja etablerings- og meirutgifter knytt til opphaldet. Utgiftene skal ikkje spesifiserast i søknaden, men må dokumenterast i reiseoppgjeret i etterkant. I særskilte tilfelle kan HVL utbetala mindre enn NFR sine satsar.

Mobilitetsstipendet kan dekkja; utgifter til sjølve reisa, flytteutgifter, visum, vaksine, reelle meirutgifter du får i tillegg til fast bustad i Noreg (t.d. husleige, straum, internett) og utgifter/materiell som er knytt til reisa sitt formål.

Døme på kva mobilitetstipendet ikkje dekkjer; treningsstudio, medisinar, klede, pass, anna utstyr som det er sannsynleg at arbeidstakar beheld, ferietur i/frå opphaldslandet, fritidssyslar for barn

Meir detaljert informasjon om kva stipendet dekkjer vil vera å finna i «Rutinar for reiseoppgjer ved utanlandsopphald».

For stipendiaten sin familie gjeld følgjande reglar:

- Familie er definert som stipendiat med ektefelle, sambuar eller registrert partnar og eventuelle born. Sambuar er ein person som stipendiaten bur saman med under ekteskapsliknande forhold, eller som stipendiaten har felles bustad med.
- Stipendiaten kan søkja om å få dekkja reisekostnader for ektefelle, sambuar eller registrert partnar og born under 18 år. Familiemedlemmene må opphalde seg saman med stipendiaten i heile eller tilnærma heile perioden for forskaropphaldet i utlandet for å kunna få støtte som familie.
- Mobilitetsstipendet dekkjer ikkje reisekostnader for at familien skal kunna besøka stipendiaten i utlandet.

AFII internasjonalisering administrerer utbetaling av erasmusstipend og innehar kompetanse om skulepengar, visum og liknande for utvekslingsporteføljen til HVL. I mange tilfelle vil ein utvekslingsavtale òg gjera det enklare for den som reiser å skaffa seg bustad i samband med opphaldet.

### **Kriterium for tildeling**

HVL-finansierte stipendiatar som leverer inn fullstendig søknad er garantert støtte til opphald i tre månader.

- Mobilitetsstipendet skal dekkja meirutgifter ved eit utanlandsopphald. Alle meirutgifter må dokumenterast med kvittering i etterkant av opphaldet.
- Eit eventuelt overskot må betalast attende til HVL via trekk i lønn.
- Dersom meirutgiftene er større enn det tildelte stipendet, må dette dekkjast av andre finansieringskjelder (t.d. stipendmottakar sine driftsmidlar).
- Søkjarar pliktar å retta seg etter HVL sine rutinar for reiseoppgjjer for utanlandsopphald.
- Søkjarar må opplysa om eventuell anna finansiering som dei får tildelt før eller etter at søknad om mobilitetsstipend er sendt inn.
  - Søkjarar skal bruke eventuell anna finansiering først. Mobilitetsstipendet kan brukast til å dekkje utgifter ut over det som vert dekkja av anna finansiering i tråd med retningslinjene.

### **Søknadsprosedyre**

Søknad om mobilitetsstipend skal handsamast av det fakultet der stipendiaten er tilsett. Ordninga har ingen søknadsfrist, og søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Søkjarar må rekna med at det går minst to månader frå innlevering av søknad til utbetaling av stipend.

#### *1) Søknad*

Søknad om mobilitetsstipend skal sendast på fastsett søknadsskjema (det vil verta utarbeidd eit elektronisk søknadsskjema). I søknaden må mellom anna følgjande informasjon verta gitt:

- Vertsinstitusjon, land og tidsrom for opphaldet
- Fagleg formål og planlagde aktivitetar
- Bakgrunn for val av verstsintusjon, inkl. kvaliteten på forskingsmiljøet som søkjar skal vera knytt til.
- Publiseringplanar (her kan eventuelle planar for sampublisering med forskarar frå vertsmiljøet omtalast)
- Forventa fagleg utbytte av opphaldet, for søkjaren og for HVL
- Ev. familiemedlemmer som skal vera med
- Søkjar må opplyse om eventuell anna finansiering
- Søknadsbeløp basert på budsjettmalen under

Reiseutgifter <ul style="list-style-type: none"> <li>• [flybillett(er) (x kr)]</li> <li>• [transport til/fra flyplass (x kr)]</li> </ul>	x kr
--	------

Støtte til opphold etter Forskningsrådets sats for	
utenlandsstipend [uten/med familie - 20 000/36 000 kr per mnd.] x 3 mnd.	x kr
Totalt støttebeløp	x kr

I søknaden må søker stadfesta at:

- søker kjenner til retningslinjene for mobilitetsstipend og reisoppgjer
- søker er kjent med at overskytande vert trekt i lønn

Følgjande vedlegg må leggjast saman med søknaden:

- Invitasjon/stadfesting frå vertsinstitusjon. Invitasjonen må stadfesta kontorplass, fagleg tilknytning og eventuelt tilgang til bibliotekressursar.
- Tilråding frå hovudrettleiar om at utanlandsopphaldet er ein integrert del av forskarutdanninga.
- Tilråding frå søkjar sin personalansvarleg.

## 2) Handsaming av søknaden

Søknad vert sendt til det fakultetet som søkjar er tilsett ved eller knytt til (den som søker hakar av for dette ved innsending av søknad) via [P360/post@hvl.no](mailto:P360/post@hvl.no). Fakulteta avgjer sjølv kven som skal handsama søknaden og kven som gjer vedtak i saka. Det vert foreslått at søknaden vert handsama administrativt, eventuelt i samråd med fagansvarleg for ph.d.-program og at dekan eller prodekan for forskning gjer vedtak i saka. Vedtaket må vera formulert i brev form og sendast til kandidaten med kopi til fagansvarleg for internasjonal mobilitet og utvekslingsavtalar i AFII (p.t. Halvard Ones). Stipendmottakar bør få informasjon om at han/ho må fylla ut skjemaet «Utbetaling av utenlandsstipend – forskudd» og kven som skal attestera og anvisa skjemaet ved fakultetet.

Fagansvarleg og programutvala bør haldast orientert om utanlandsopphald.

## 3) Utbetaling av stipend

Stipendmottakar må signera skjemaet «Utbetaling av utenlandsstipend – forskudd» og senda dette til lønnskontoret for utbetaling. NB: Skjemaet skal attestast og anvisast på fakultetet før det vert sendt til lønnskontoret. Mobilitetsstipendet vert utbetalt forskotsvis i ein eingongssum frå lønnskontoret til den aktuelle stipendiaten saman med hovudlønn. (Søklar må berekna to månader frå innlevering av søknad til stipendet er utbetalt). Sjå egne rutinar for «Reiseoppgjør ved utenlandsopphold».

## 4) Registrering av utanlandsopphaldet

AFII registrerer utanlandsopphaldet som *utveksling* i FS basert på vedtaksprosessen. (Utanlandsopphaldet vert registrert i «Utvekslingsperson samlebilde» og vil verta vert synleg under fana «Mobilitet» i «Student samlebilde». Dersom utanlandsopphaldet skal inn i ph.d.-kandidaten sin opplæringsdel må dette registrerast ved fakultetet.

## 5) Sluttoppgjer etter utanlandsopphaldet

Så snart som mogleg og seinast innan ein månad skal stipendmottakar visa konkrete og dokumenterte reise- og meirutgifter som han/ho har hatt i samband med utanlandsopphaldet. Rapportering skal sendast til Lønnskontoret på fastsett skjema Eventuelt overskot av utbetalt stipend skal betalast tilbake gjennom trekk i lønn.

### **Planlegging og praktisk tilrettelegging av utanlandsopphald**

Kandidaten er sjølv ansvarleg for all praktisk tilrettelegging av utanlandsopphaldet. Meir informasjon og nyttige råd finst på HVL si nettside om «[Utanlandsopphald under forskarutdanninga](#)».

Ordninga må evaluerast i 2024 for å sikre at støttebeløp, støtteperiode, prosessar og prosedyrar er hensiktsmessige.